



MØTEINNKALLING

Utval: Valnemnda
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 01.03.2018
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/18	Sunnmøre friluftsråd - Val av styremedlem og varamedlem
PS 2/18	Val av to meddommerar Frostating lagmannsrett

SAKER TIL HANDSAMING

PS 1/18 Sunnmøre friluftsråd - Val av styremedlem og varamedlem



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/329

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

1/18

Valnemnda

01.03.2018

Kommunestyret

SUNNMØRE FRILUFTSRÅD - VAL AV STYREMEDLEM OG VARAMEDLEM, SAMT UTSENDINGAR TIL ÅRSMØTA.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande representantar til styret i Sunnmøre friluftsråd for to år:

Styremedlem

Varamedlem

Kommunestyret vel følgjande utsendingar til årsmøte i Sunnmøre friluftsråd (ein av kvart kjønn) for resten av kommunevalperioden:

1.

2.

Varautsendingar:

1.

2.

Vedleggsliste:

Sunnmøre friluftsråd. Medlemskap i Sunnmøre friluftsråd, datert 26.01.2018.

Vedtekter for Sunnmøre friluftsråd.

Uprenta saksvedlegg:

Årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021.

Saksopplysningar/fakta:

Kommunestyret vedtok 14.12.2017, i k-sak PS 145/17, å søkje medlemskap i Sunnmøre friluftsråd.

Innmelding i Sunnmøre friluftsråd, kostnad ca. 150.000 kr. Dekning disposisjonsfondet.

Medlemskap i Sunnmøre friluftsråd er i tråd med overordna mål i kommuneplanen sin samfunnsdel og folkehelse som eit overordna og førande prinsipp i Volda kommune.

Sunnmøre friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter § 27 i kommunelova mellom kommunane Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Sula, Vestnes, Ørskog, Ålesund og Stranda. Kommunane Ulstein, Volda og Ørsta vert nye medlemskommunar under årsmøtet 14.03.2018.

I følgje vedtektene til Sunnmøre friluftsråd har kvar medlemskommune rett til ein representant i styret og to utsendingar til årsmøtet i tillegg til styrerepresentanten. Dei fleste er politisk valte representantar. Nokre få er tilsette i kommunen. Til styremøta møter ein person frå kvar kommune, og til årsmøta tre personar.

Sunnmøre friluftsråd ber Volda kommune om å velje følgjande for 2 år:

1. Styremedlem i friluftsrådet
2. Personleg vara for styremedlem

Vidare å velje for heile kommunevalperioden:

1. To utsendingar til årsmøte i friluftsrådet
2. To varautsendingar til årsmøtet i friluftsrådet

I følgje vedtektene § 5 skal helst begge kjønn vere representert.

Volda kommune sitt medlemskap i Sunnmøre friluftsråd skal formelt godkjennast av årsmøtet 14. mars 2018. Årsmøtet vert halde på Eidet omsorgssenter på Eidet i Haram kommune.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Dei som vert valt.

Sunnmøre friluftsråd

Til: Ørsta, Volda og Ulstein kommunar

Dato: 26.01.2018

Medlemsskap i Sunnmøre friluftsråd

Det er svært gledeleg at kommunestyra i Ørsta, Volda og Ulstein kommunar har vedtatt å søkje medlemsskap i Sunnmøre friluftsråd frå 2018. Etter vedtektene skal nye medlemmar formelt godkjennast av årsmøtet. Styret og årsmøtet har tidlegare vedtatt at friluftsrådet skal arbeide for å få alle kommunane på Sunnmøre med som medlemmar. Det er altså grunn til å rekne med at de blir ønska hjarteleg velkomne. Årsmøtet blir på Eidet omsorgssenter på Eidet i Haram den 14. mars.

I fjor søkte Stranda medlemsskap og vart invitert som deltakar på årsmøtet. Saka om godkjenning av medlemsskap vart sett øvst på saklista, slik at også den nye kommunen fekk røysterett på resten av årsmøtet. Slik ønskjer vi å gjere det i år også og inviterer med dette styremedlemmar og utsendingar frå Ørsta, Volda og Ulstein til årsmøtet 2018.

Kvar medlemskommune i friluftsrådet har rett til **ein representant** i styret og **to utsendingar** til årsmøtet i tillegg til styrerepresentanten. Dei aller fleste er politisk valte representantar. Nokre få er tilsette i kommunane. Til styremøta møter altså ein person frå kvar kommune, og til årsmøta tre personar.

Vi ber dykk så snart som råd om å velje følgande for 2 år:

1. Styremedlem i friluftsrådet
2. Personleg vara for styremedlem

Vidare å velje for heile kommunevalperioden:

3. To utsendingar til årsmøta i friluftsrådet
4. To varautsendingar til årsmøta i friluftsrådet

Send beskjed til friluftsrådet raskt om kven som er valt og kontaktinformasjon til representantane.

Friluftsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane;



Giske



Haram



Norddal



Skodje



Stordal



Stranda



Sula



Vestnes



Ørskog



Ålesund

Stikk UT!

Turkassetrimmen Stikk UT! er ein stor suksess i alle medlemskommunane til dei to friluftsråda i fylket og har blitt svært viktig i folkehelsearbeidet. Vi ønskjer å inkludere også Ørsta, Volda og Ulstein i sesongen 2018. For å greie det må arbeidet starte no, sjølv om de formelt ikkje er medlemmar enno. Sesongen statar 1. mai, men før den tid er det ein stor jobb som må gjerast for å få alt klart.

Friluftsrådet tek seg av nettsider, kart, kartbrosjyre og materiell, men kommunane bestemmer kva for turmål som skal vere med (maks. 15) og sørger for at turforklaringane blir lagt inn i fylkets nettportal Morotur. Arbeidet med nettsider, kart og kartbrosjyren er svært tidkrevjande og har alt starta. Den ferdige kartbrosjyren skal sendast ut til alle husstandane i medlemskommunane seinast siste veka i april, helst litt før. Også leveringstida på utstyr kan vere lang. Vi har altså berre tida og vegen.

Vi ønskjer at de kjapt gjer følgjande:

1. Bestemmer kven av dei tilsette i kommunen som skal vere Stikk UT!-ansvarleg (oftast folkehelsekoordinator, leiar i frivilligsentralen, den som har ansvar for friluftsliv i kommunen.)
2. Etablerer Stikk UT!-gruppa som plukkar ut turmåla som skal vere med i 2018. Gruppa blir leia av den tilsette i kommunen og kan bestå av representantar for idrettslag, turlag og andre frivillige. Alle delane av kommunen bør vere representerte med turar i så mange bygder som råd. I alle fall ein, gjerne fleire, av dei maks. 15 turane må kunne gjennomførast med rullestol/rullator/barnevogn. (Maks. 15 turar fordi nokre skal bytast ut kvart år. Dette er viktig for å halde på variasjonen, kunne la turar «kvile» der slitasjen på stien blir stor eller om det blir andre problem.)

Turane som blir valt skal gå til etablerte turmål. Der må vere parkering til minst 5-6 bilar ved starten, og eventuelle grunneigarar må gi samtykke til at dette blir ein Stikk UT!-tur.

Medlemmane i Stikk UT!-gruppa får ansvar for ein eller fleire turar kvar. Det inneber oppsetting av skilt, event. merking med retningspilar undervegs på stien, turkasse (om der ikkje er frå før), turkode og turbok. Sistnemnde må bytast ut når/om den blir fullskriven i løpet av sesongen. Friluftsrådet syter for alt materiellet.

Turane skal variere i vanskegrad, med flest grøne og blå turar etter graderingsmalen i merkehandboka. (Sjå vedlegg). Målgruppa for Stikk UT! er folk flest, men vi har også turar å strekkje seg etter. I hovudsak er det raude turar for godt vante turfolk i god form. Vi har berre hatt ein svart tur (for erfarne fjellfolk med godt utstyr) i tidlegare sesongar.

Friluftsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane;



Giske



Haram



Norddal



Skodje



Stordal



Stranda



Sula



Vestnes



Ørskog



Ålesund

3. Gi friluftsrådet beskjed om kva for turar som skal vere med så snart det er bestemt, helst så tidleg som råd i februar. Medlemmane/leiar i Stikk UT!-gruppa legg inn turforklaring med bilde i Morotur.
4. Leiar i Stikk UT!-gruppa gir friluftsrådet beskjed om behovet for utstyr: Kor mange skilt av kvar fargekode (grøn, blå, raud og svart), tal på retningspilar, turkasser, turbøker osb. Friluftsrådet leverer ut utstyret i god tid før sesongstart.

Når det er langt frå hovudvegen til der turen startar, er det somme stader nødvendig med Stikk UT!-skilt både ved hovudvegen og der stien startar frå parkeringsplassen.

Vi ser fram til å få med Ørsta, Volda og Ulstein i Stikk UT! og dei andre tilboda frå friluftsrådet. Informasjonen i dette brevet gjeld det som hastar, resten tek vi etter kvart. Ikkje nøl med å ta kontakt om noko er uklart. Dagleg leiar kjem gjerne på besøk og orienterer om friluftsrådet ved høve om de ønskjer det.

Beste helsing
Sunnmøre friluftsråd

May Britt Haukås
Dagleg leiar

Vebjørn Krogsæter
Styreleiar

Friluftsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane;



Giske



Haram



Norddal



Skodje



Stordal



Stranda



Sula



Vestnes



Ørskog



Ålesund

Vedtekter

(Gjeldande frå årsmøte 22.03.2017)

§1 - MEDLEMMAR

Sunnmøre friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter §27 i Kommunelova mellom kommunane Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Sula, Vestnes, Ørskog, Ålesund og Stranda.

Nye deltakarkommunar skal godkjennast av årsmøtet.

§2 - FORMÅL

Oppgåvene til Sunnmøre friluftsråd er i samarbeid med medlemskommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for:

- a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag til bruk for ålmenta.
- b) Å skape større forståing for nytten av friluftsliv.
- c) Å betre friluftskulturen.
- d) Å stimulere til friluftsliv for alle.
- e) Å legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge.
- f) Utarbeide planar som skal ligge til grunn for rådet sitt arbeid.
- g) Vere ein pådrivar for medlemskommunane i friluftslivssaker og ein høyringsinstans i prinsipielle friluftssaker.

§3 - ORGANISASJON


Årsmøtet, styret og arbeidsutvalet er dei faste organa til Sunnmøre friluftsråd.

Styret og administrasjonen står for den dagleg drifta.

§4 - ØKONOMI

Deltakarkommunane skal betale tilskot til verksemda til Sunnmøre friluftsråd. Årsmøte fastset eit årleg pr. capita tilskot basert på folketal frå Statistisk Sentralbyrå frå føregåande år.

Friluftsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane;



Budsjettframlegg som inneber meir enn 2% reell auke i tilskota frå medlemskommunane krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.

Framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste år skal sendast til medlemmane til orientering.

Friluftsrådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjent av medlemskommunane på førehand.

§5 - ÅRSMØTET

Årsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet. Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Kvar medlemskommune kan sende 2 representantar med røysterett til årsmøtet, helst ein av kvart kjønn.

Kommunane skal velje dei 2 representantane med vararepresentantar for heile kommunevalperioden. Medlemmane i styret har røysterett på årsmøtet.

På årsmøtet kan følgjande møte med røysterett.

- 2 representantar frå kvar medlemskommune
- Medlemmane i styret

Årsmøtet er også ope for andre interesserte.

Årsmøtet avgjer i kvart enkelt høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på årsmøtet.

Årsmøtet er vedtaksført når det etter vedtektene er lovlegg innkalla og kunngjort.

Årsmøtet vert innkalla etter vedtak i styret og med minst 4 vekers skriftleg varsel.

Ordinært årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje ordstyrar og sekretær
3. Handsame årsmeldinga til styret
4. Godkjenne den framlagde rekneskapen med revisjonsmelding
5. Fastsette neste års medlemskontingent. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.
6. Handsame innkomne framlegg
7. Handsame framlegget til neste års budsjett

Friluftsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane;



Giske



Haram



Norddal



Skodje




Stordal



Sula



Vestnes



Ørskog



Ålesund

8. Velje:

- a) Styre med vararepresentant (1 styremedlem + 1 personleg vararepresentant frå kvar medlemskommune).
Kvar kommune bør stille med ein representant/vararepresentant av kvart kjønn.
- b) Leiar og nestleiar i styret mellom medlemmane i det alt valte styret.
- c) Revisor.
- d) Valnemnd på 3 medlemmar og 1 varamedlem.
- e) To personar til å godkjenne møteprotokollen frå årsmøtet.

Revisor og medlemmane av valnemnda vert valt for eitt år.

Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år, maksimalt 8 år samanhengande. Årsmøtet bør sjå til at det er minst 40% av kvart kjønn i styret. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane vere på val kvart år.

Vararepresentantane til styret vert valt for same tidsperiode som tilsvarande styremedlem.

Alle val skal vere skriftlege dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg.

Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, dvs. minst halvparten av røystene, skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

Alle vedtak på årsmøtet vert avgjort med vanleg fleirtal. Unntaket er sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal.

Ved stemmelikskap i saker som krev vanleg fleirtal avgjer dobbeltstemma til leiaren, sekundært vara for leiar.

§6 - EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast med minst 2 veker skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når minst halvparten av medlemskommunane krev dette skriftleg.


Saklista skal leggjast ved innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga.

§7 - STYRET

Styret er samansett av eitt medlem frå kvar medlemskommune.

Friluftsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane;



Styret har leiaransvaret for friluftsrådet mellom årsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, avgjer leiaren med dobbeltstemme.

Styret vert leia av leiaren. Nestleiar tek over dersom leiar ikkje kan møte.

Leiaren avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmane ønskjer det.

Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.

Arbeidsoppgåvene til styret er m.a:

1. Å fremje oppgåvene til friluftsrådet i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak.
2. Å leie den vanlege drifta i friluftsrådet og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett.
3. Å tilsette medarbeidarar.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Å ha ansvar for at det vert ført rekneskap, og ført protokoll over alle møter og forhandlingar.
6. Å sende referat frå årsmøtet til alle medlemmane i friluftsrådet, til fylkeskommunen og til Friluftsrådenes landsforbund.
7. Å førebu årsmøtesaker med framlegg til vedtak om arbeidsprogram, budsjett og kontingent.

§8 - VEDTEKTSENDRINGAR

Endringar av vedtektene må gjerast på årsmøtet og krev minst 2/3 fleirtal.


§9 - UTMELDING

Eit medlem kan melde seg ut av friluftsrådet etter lovleg fatta vedtak i kommunen.

Utmeldinga blir først gyldig når kommunen har betalt medlemskontingenten også for det året utmeldinga tek til å gjelde.

§10 - OPPLØYSING

Friluftsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane;



Opplysning av friluftsrådet kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet.

Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare med oppløysing på saklista.

Dersom friluftsrådet blir oppløyst skal alle omsettelege aktiva seljast. Saman med andre kontante midlar skal verdiane delast mellom medlemskommunane, i høve til kontingenten frå kvar enkelt.

Friluftsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane;



Giske



Haram



Norddal



Skodje




Stordal



Sula



Vestnes



Ørskog



Ålesund

Fargekode	Passer for	Høydemeter og lengde *
	Nybegynnere, krever ingen spesielle ferdigheter (Dersom tilrettelagt for rullestol/barnevogn, merkes dette med eget symbol)	< 300 m < 5 km
	- De med litt erfaring i terreng - Middels trente turgåere - De med grunnleggende ferdigheter	< 600 m < 10 km
	- Erfarne turgåere - De med god utholdenhet - Godt turutstyr og gode fjellsko - Kunnskap om kart og kompass	< 1 000 < 20 km
	- Erfarne fjellfolk - De med god utholdenhet - Godt turutstyr og gode fjellsko - Kunnskap om kart og kompass	Ingen maks høyde eller lengde

*Med høydemeter mener vi samlet stigning for hele ruten. Lengde beskriver den totale lengden i km på løypa fra et angitt punkt til et annet, dvs. én vei og ikke tur/retur. For rundturer finnes et eget symbol og da brukes hele rundturens lengde i antall km.

Sti type	Stigningsgrad og eksponering
- Asfalt, grus, skogsveier og gode stier - Stor grad av opparbeiding som gir god fremkommelighet - Hovedsak kortere turer - Underlag fast og jevnt uten store hindringer eller kryssing av stor bekk	- Moderate stigninger - Ingen bratte partier
- Kan ha noe mer krevende partier enn grønn tursti - Kan være steinete, men ingen ur - Kun enkle vad	- Moderate stigninger som kan inneholde enkelte bratte partier - Enkelte partier som kan oppfattes som luftige for folk med høydeproblemer
- Sti, åpent terreng, stein, ur og snaufjell - Bratte helninger og lengre strekninger med løs stein og myr kan forekomme - Vading kan forekomme	- Flere typer stigninger og utfordringer - Flere luftige og utsatte partier - Kan inneholde tekniske utfordringer med noe klyving og bruk/støtte av hendene
- Lange turer på mer krevende stier enn "rød sti" - Krevende vading kan forekomme	- Toppturer med bratte og vanskelige partier med ujevnt underlag - Luftige partier og passasjer/partier med utsatt klyving - Smale egger, sva, ur etc.

Fra: May Britt Haukås[may@friluftsrådet.no]

Sendt: 26.01.2018 09:36:31

Til: Ørsta postmottak; Postmottak Volda; Ulstein Postmottak

Kopi: Birger Honningsvåg; Janet Roelofs; Jarle Hauge Steffenssen (Jarle.H.Steffenssen@alesund.kommune.no); Jostein Dalen; Modolf Hareide (modolf.hareide@skodje.kommune.no); palma.ovrebust@stordal.kommune.no; Skafti Ingi Helgason (vikingliv@gmail.com); Solveig Linge Stakkestad (solveig@linge.bz); trygve.holm@sula.kommune.no; Vebjørn Krogsæter (Vebjorn.Krogsaeter@haram.kommune.no)

Tittel: Viktig informasjon om Stikk UT! og medlemskap i Sunnmøre friluftsråd

Hei! Vi syns det er svært hyggeleg at Ørsta, Volda og Ulstein vil bli med i Sunnmøre friluftsråd. Medlemskapet må formelt godtakast av årsmøtet i mars, men det er all grunn til å tru at de blir tatt svært godt imot 😊.

Vi vil gjerne inkludere Ørsta, Volda og Ulstein i tilboda frå friluftsrådet frå første dag, men skal vi klare det med turkassetrimmen Stikk UT! må ein del ting gjerast raskt. Vi vil også invitere dykk til å delta på årsmøtet til friluftsrådet den 14. mars. De finn informasjon om begge delar i vedlagte brev. Eg ber om at informasjonen blir delt med alle den er relevant for.

Ser fram til å høyre frå dykk, ha ein fin dag!

Beste helsing

logo-med-lite-emblem

May Britt Haukås

Dagleg leiar

Mobil 977 09 653



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2015/2353

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

2/18

Valnemnda

01.03.2018

Kommunestyret

VAL AV TO MEDDOMMERAR FROSTATING LAGMANNSRETT

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel følgende meddommarar til Frostating lagmannsrett:

1.....

2.....

Vedleggsliste:

Oversikt over meddommarar i tingretten.

Uprenta vedlegg:

Domstolsloven.

Samandrag av saka:

Meddommarar i lagmannsretten vert valt for perioden 1.1.2017 til 31.12.2020. Krav til den som skal veljast er nedfelt i domsstolova §§ 70-72. Mellom anna må ein ha tilstrekkeleg norskkunnskap, vere personleg eigna for oppgåva og ha plettfriandel. Nedre aldersgrense for å kunne veljast er 21 år og øvre er 70 år ved periodestart, dette betyr at dei som veljast må være født etter 31.12.1937. I tillegg må den som skal veljast ha stått i folkeregisteret i minst 3 år. Domstoladministrasjonen ber kommunane sørge for at meddommarane vert representert i høve til innbyggjarane i kommunen når det gjeld alder, etnisk bakgrunn og kultur.

Frostating lagmannsrett ber Volda kommune velje to menn til vervet som meddommarar i Frostating lagmannsrett.

Følgjande personar er meddommarar i Frostating lagmannsrett frå Volda kommune:

1. Jan Henning Egset 1956

2. Bjørnar Osnes 1965

3. Eiliv Halkjelsvik 1966

4. Malvin Kile 1954
5. Tov Are Lia 1963
6. Knut Petter Krumsvik 1954
7. Egil Berg 1952
- 8.....
- 9.....

I følge domstollova § 68 er det *formannskapet eller det faste utvalg kommunestyret har tildelt oppgaven, forbereder valget, avgjør begjæringer om fritak frå valg og avgir forslag til valg i samsvar med § 67. Forslaget legges ut til alminnelig ettersyn i minst to uker.*

Valnemnda vel soleis to representantar 1. mars. Namna til dei som vert valde, vert lagt ut til offentlig ettersyn på kommunen sine heimesider i minst to veker. Ein tek sikte på endeleg avgjer i saka i kommunestyret 22. mars.

Ingen kan veljast som meddommar til både tingretten og lagmannsretten, jf. domstollova § 68, 3. ledd. Ei oversikt over meddommarar i tingretten ligg ved som vedlegg i saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak

Dei som vert valde.

Frostating lagmannsrett.

Meddommarar – Tingretten – Menn:

<i>1. Ståle Hansen</i>	<i>1956</i>
<i>2. Ola Rangsæter</i>	<i>1967</i>
<i>3. Ola Svein Sætre</i>	<i>1952</i>
<i>4. Randulf Reite</i>	<i>1962</i>
<i>5. Rune Kiperberg</i>	<i>1962</i>
<i>6. Jon Petter Lied</i>	<i>1959</i>
<i>7. Kjell Tore Aarstad</i>	<i>1958</i>
<i>8. Per Johan Ramsli</i>	<i>1967</i>
<i>9. Frank Vatne</i>	<i>1972</i>
<i>10. Audun Kristian Høidal</i>	<i>1974</i>
<i>11. Rune Aasen</i>	<i>1963</i>
<i>12. Asbjørn Tore Humberst</i>	<i>1970</i>
<i>13. Espen Stray Helle</i>	<i>1981</i>
<i>14. Egil Høydal</i>	<i>1966</i>
<i>15. Ivar Arne Lid</i>	<i>1975</i>
<i>16. Svein Bjerkvik</i>	<i>1958</i>
<i>17. Dag Ragnar Sætre</i>	<i>1957</i>
<i>18. Lars Arne Muren</i>	<i>1967</i>
<i>19. Atle Svellingen</i>	<i>1958</i>
<i>20. Ulf Kristiansen</i>	<i>1963</i>
<i>21. Egil Reite</i>	<i>1959</i>
<i>22. Roar Berg</i>	<i>1943</i>
<i>23. Børge Berg</i>	<i>1976</i>
<i>24. Petter Haugen</i>	<i>1968</i>
<i>25. Edvin Dale</i>	<i>1975</i>
<i>26. Rolf Lillerovde</i>	<i>1958</i>
<i>27. Robert Steinnes</i>	<i>1974</i>
<i>28. Ottar Arve Bjørkedal</i>	<i>1965</i>
<i>29. Sindre J. Løvik</i>	<i>1960</i>
<i>30. Inge Bruheim</i>	<i>1973</i>

Meddommarar – Tingretten – Menn:

<i>1. Ståle Hansen</i>	<i>1956</i>
<i>2. Ola Rangsæter</i>	<i>1967</i>
<i>3. Ola Svein Sætre</i>	<i>1952</i>
<i>4. Randulf Reite</i>	<i>1962</i>
<i>5. Rune Kiperberg</i>	<i>1962</i>
<i>6. Jon Petter Lied</i>	<i>1959</i>
<i>7. Kjell Tore Aarstad</i>	<i>1958</i>
<i>8. Per Johan Ramsli</i>	<i>1967</i>
<i>9. Per Torheim</i>	<i>1951</i>
<i>10. Frank Vatne</i>	<i>1972</i>

11.	<i>Audun Kristian Høidal</i>	1974
12.	<i>Rune Aasen</i>	1963
13.	<i>Asbjørn Tore Humberget</i>	1970
14.	<i>Espen Stray Helle</i>	1981
15.	<i>Odd Stenvåg</i>	1949
16.	<i>Egil Høydal</i>	1966
17.	<i>Ivar Arne Lid</i>	1975
18.	<i>Svein Bjerkvik</i>	1958
19.	<i>Dag Ragnar Sætre</i>	1957
20.	<i>Lars Arne Muren</i>	1967
21.	<i>Atle Svellingen</i>	1958
22.	<i>Egil Berg</i>	1952
23.	<i>Ulf Kristiansen</i>	1963
24.	<i>Egil Reite</i>	1959
25.	<i>Roar Berg</i>	1943
27.	<i>Børge Berg</i>	1976
28.	<i>Petter Haugen</i>	1968
29.	<i>Edvin Dale</i>	1975
30.	<i>Rolf Lillerovde</i>	1958
31.	<i>Robert Steinnes</i>	1974